

72. ¹ Tone;

1.

Eg sit her det sviver meg mangt
Eg læs um kor ymis ein balar
Eg høyrer det gjeng so *treiskt* aa trongt
Eg ser korleis folk slitar aa halar.
Aa ja ein trøytnar det er so ilt
Ein larmar so , her kun vore stilt.

2.

Aa seg meg kva grunnen er
At folk seg ikkje kan semja
Kvifor er ein so *trau* aa tver
Naar noko godt ein skal fremja
Kvifor stend ein aa blaasar ifraa
Den fløyten kor ein smør kan faa.

3.

Fram det gjeng ein i leidi er
Men endaa imot ein kan tevla
Straumen imot aa stritt den ber.
Men endaa en skal *skjevla*
Mot det gildaste norrig hev aatt
Fridom aa sjølvstend aa ha det godt.

4.

Sjaa me paa det, mein eg me ser
Vorherra er med i vor lagna
Sjaa det so kjem aa det so fer
Eg syntes ein kunne no tagna,
Ser ein kje *mist* so fer ein vel sjaa
Tyngsta handi ligg *ovendepaa*.

5.

Sjaa paa dei trugne kor dei grev
Aa sjaa so kva dei hev funne
Sjaa paa kva *trotte* arbeide krev
Aa sjaa paa kva trodden hev vunne
Ser einkje merkje aa ljose far
Ein ser vel aag kven den trugne var

6.

Du veit vel kva *hengs* ord dei fekk.
Du veit um korleis dei var *ærde*
Veit dei *beigde* udomar vekk.
Dei var baate hata aa *særde*.
Veit at dei bar ei rettfærds sut
Stundom dei snudde *ronga* ut

7.

Trugne dei hava kringum sett
Aa vakta so godt dei hev kunna
Ville so *gjedna* ha sin rett
Aa bggja paa solide grunna
Drag tilrettes aa hekde fritt
Ville ha vort som andre sitt

8.

Lat os no alle hjelpast aat
Aa kua det tunge aa myrke
Sjølv um det kostar sukk aa graat
Gud leve aa vil gje os styrkje
Ljos me trengjer aa ljøs me faa
Retta leidi me daa kan sjaa